



Nordhordland Røde Kors  
Postboks 57  
5902 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4153 - 18/178

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
03.01.2018

## Søknad om løyve for bruk av snøscooter

Nordhordland Røde Kors søker om løyve til å driva opplæring, øvingar og kurs med snøscooter i Lindås kommune.

### Vurdering

I søknaden ligg det ikkje ved kart som syner kvar aktiviteten er tenkt å gå føre seg, men ein går ut frå at det er i indre delar av kommunen der det vil vera aktuelt å nytta snøscooter i redningsoppdrag. Å kunna bruka og handtera nødvendig utstyr i samband med redningsaksjonar er svært viktig.

Lindås kommune har vurdert søknaden etter: Lov om Motorfersel i utmark, Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og Naturmangfald lova.

Når det gjeld Naturmangfaldlova (§ 8 og 9), så er ein i dei områda som ein kan tenkja seg vil vera aktuelle for å driva opplæring i, ikkje kjend med at slik kjøring vil vera til skade for naturmangfaldet. Ein vil likevel be om at Nordhordland Røde Kors teiknar inn det eller dei aktuelle områda på eit kart, slik at kommunen kan vurdere dette nøyare. Det vil og vera eit vilkår at før øvelsekjøring kan starta opp, så må det gjevast løyve frå grunneigar til denne aktiviteten.

### Vedtak:

Lindås kommune gjev med dette Nordhordland Røde Kors dispensasjon frå Lov om Motorferdsel i utmark til å driva opplæring og øvingar i bruk av snøscooter. Det er eit vilkår at det vert teke omsyn til dei punkta som kjem fram i vurderinga, som kart og løyve frå grunneigar.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar skogbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**

Nordhordland Røde Kors

Postboks 57

5902

ISDALSTØ